



Smertebehandling

etter øyre-nase-hals/ØNH-inngrep

hos barn



God smertebehandling er viktig

For at barnet skal få best mogeleg smertebehandling, er det viktig å gi smertestillande medisin til barnet til faste tider dei første 2-5 døgna (barnet skal vekkast 1. natta for å få medisin). Dette gjer at barnet et og søv betre, noko som fremjar tilhelinga. Det er i tillegg viktig at drikke som barnet får etter operasjon er kald og at maten er mjuk og kald. Dette vil verke smertelindrande og det vil vere enklare for barnet å innta. Når barnet drikk ofte er dette med på å halde halsen rein, førebygge infeksjonar og hindre bløding.



Oppleving av smerte etter operasjon

Det er vanleg med smerter som stråler mot øyrene. Intensiteten på smertene kan også variere gjennom døgnet.



Kor lenge skal ein gi smertestillande?

Kor lenge barnet ditt har behov for å ta smertestillande medisin er avheng av kva type mandeloperasjon som er utført. Når mandlane blir fjerna heilt (tonsillektomi), har ein ofte behov for å ta smertestillande fast i ca. 5 døgn, og nokre gangar enda lenger. Dersom berre deler av mandlane blir fjerna (tonsillotomi) er det vanlegvis behov for smertestillande i ca. 2 døgn, eventuelt inntil skorpen har falle av.

Etter kvart som smertene avtar, kan ein gå over til å gi smertestillande ved behov og ikkje til faste tidspunkt. Merk at anbefalt døgndose ikkje må overskridast.



Start med å ta vekk den dosen på det tidspunktet når barnet pleier å ha minst smerter, og fortsett slik til det ikkje er behov for å gi smertestillande medisinar lengre.



Smertestillande medisinar

Barnet ditt skal bruke ein kombinasjon av paracetamol og ibuprofen som smertelindring. Nokre barn (eldre enn 6 år) får diklofenak istadenfor ibuprofen.

Det er ikkje viktig om barnet får medisinen som stikkpiller, flytande, smeltetabletter eller tablettar; ein bør velje den medisinforma som barnet er mest fortruleg med å ta. Det blir anbefalt at ein gir stikkpiller dei første dagane (til dei minste barna), for å vere sikker på at barnet får i seg nok medisin i starten. Så snart barnet klarer å svelge medisinen, anbefaler vi å gå over til medisinar som blir teken gjennom munn, t.d. svelgjetablettar eller mikstur. Dette gir best mogeleg opptak av medisinen.



Forslag til korleis du kan gi medisinar til barnet ditt

Meir informasjon om korleis du kan gi legemiddel til barnet ditt finst på www.legemidlertilbarn.no under "Barn og foreldre" og "Legemiddelinformasjon"



Ditt barn veg _____ kg og skal ha følgjande dosar av paracetamol og ibuprofen/diklofenak:

Paracetamol (Pamol®, Panodil®, Paracet®, Pinex®):

- Paracetamol flytande 24mg/ml: _____ ml (Paracet/Pinex)
- Paracetamol flytande 50 mg/ml (på resept, ikkje reg.): _____ ml
- Paracet stikkpille/tablett/smeltetablett: _____ mg

Gi dosen 4 gangar i døgnet, dvs. ca kvar 6. time.

Ibuprofen (Ibux®, Nurofen®):

- Nurofen Junior stikkpiller: _____ mg
- Nurofen mikstur 40mg/ml _____ ml
- Ibux/Nurofen mikstur 20mg/ml: _____ ml

Gi dosen 4 gangar i døgnet, dvs. ca kvar 6. time.

Diklofenak (Voltarol®, Voltaren®, Diclofenac®):

- Kapslar/Tabletter: _____ mg
- Stikkpiller: _____ mg

Gi dosen 3 ganger i døgnet, dvs. ca kvar 8. time.

Ta kontakt med helsepersonell

- Dersom barnet ditt blør i munnen => Ring 113
- Dersom barnet ditt har feber som varer ut over det første døgnet etter operasjon, ta da kontakt med:
 - ØNH avdeling tlf. 52732460 eller
 - Legevakt tlf.: 116 117

Utarbeida av Sjukehusapoteket i Haugesund i samarbeid med Øyre-nase-hals-avdelinga ved Haugesund Sjukehus, Januar 2018.